

**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,
BRULEITEVEGEN 40,
5282 LONEVÅG.**

**Tlf. 91186782.
E-post: sjuratre@online.no**

**Einar Ove Håland,
Hjellvikvegen 427,
5281 Valestrandsfossen.**

Mjelstad gr.nr. 121, br.nr. 1. Osterøy kommune. Hordaland fylke.

Historia.

Bruk 1 på Mjelstad ligg der det gamle fellestunet stod. Husa har ikkje vore flytta etter utskiftinga i 1880.

I NORSKE GARDSBRUK står det: «Våningshus gammalt, ombygt i 1845. Fjøs og løe bygt i 1839». No har me fenge vissa for at våningshuset (Teodorhuset, etter Teodor Mjelstad, 1919 - 2005) er gammalt. Åringsdatering syner 1583 på yngste årringen ein fann i nordre stove, ho er eldst. Teodor sa at søre stova er laga av rivingsmaterialar frå gamle Hamrekyrkja. Ho vart bygd i 1170 og riven i 1620.

Tunet til bruk nr. 1 på Mjelstad, er noko serskild. Mellom bustadhuset, der eldste stovaer frå 1580-åra, og løa frå 1839, står det ei kring 220 år gamal «potekjedlar».

Teodorhuset vert freda, potetkjellaren er i sers god stand og løa freistar me restaurera.

Teodorløa.

Løa var bygt i 1839, ikkje mange so gamle løer står enno.

Det er ei stavløa, med 5 stavapar. Grinda er gamal. (Her nyttar eg same nemningane som Ola Tveiten i: Om hus og bygningsskikkar i Hosanger).

Ola Tveiten kalla bygningsdelane i ei stavløa: Stavar, betar, snedband, stavlegjer og sperr.

To og to stavar, bunde saman med bete og snedband, vart eit stavalag, eller stavapar.

Alle stavalaga i huset, saman med stavlegjer og snedband, vart grinda, jfr. beingrind. Det som held huset oppe. Andre stader tok dei sperrene med i grinda, men ikkje her. Avstanden mellom stavapara var golv, eller rom.

I Eddakvadet, Grimnesmål, står det om storleiken til Bilskirne, heimen til Tor og Siv i Åsgard: 500 golv og 40 til.

Den tid brukte dei storhundre (120). 500 golv og 40 til, tyder då eit hus med 640 golv, eller rom, og 641 stavapar. Bilskirne var større enn Valhall, men hadde ikkje så stor samlingshall. Difor vart Valhall rekna for gjevare.

Sjølvsagt eit fabelhus, men stort var det.

Teodorløa har 5 stavapar, truleg har det vore treskelåve i midten, den er vekke no.

Mest heile grinda ser ut til å vera frå den førre løa på bruket. Truleg like frå mellomalderen.

Stavane er rektangulere, frå 11 x 12» til 12 x 14», fint tiløksa, dei fleste med fasa hjørner.

Dei gamle bandahakka syner at snedbanda har vore flate, vinkelen har vore kring 30 grader i staven og 60 i beten/stavlegja. Nokre av dei er slik, enno. Nokre av betane og stavlegjene er tilhogne slik dei var i mellomalderen, høge og smale. Betane er utan halls, med breiare hovud.

Grinda har stade i ei lågare løa, det er mura 40 - 50 cm lad, under alle stavane

Brakakledning.

No vil eg skriva litt om brakakledning.

Brakakledning reknar ein har sitt ophav på Osterøya, så har bruken stråla ut til næraste grannebygdene. Det er ein kledningstype som vart mykje brukt, på eit lite område i Nord- og Midthorland. Nils Tveit skriv i Os-soga at det var brake på mange løer og uthus der kring 1900. No

er det berre att litt på ein vegg på Lyssand. Det er sørlegaste huset med brakakledning eg veit om. Lengst aust står det ei utløa ved ungdomsheimen på Kvamskogen, og ei i Furnestrædet ved Bolstadfjorden. På nordsida av Osterfjorden var mange, men ein kom ikkje langt nord, før skikken dauda ut. I vest finn ein brakakledning både på Radøy og Holsenøy. På Holsenøy var mange, dei var litt onnorleis tredd enn på Osterøya. I staden får å tre braken på liggande troer, tredde dei her på tjukk streng. Innanfor denne ringen stod det mange hus med brakakledning, få står enno. Professor Per Gjærder skriv at han reknar brakakledningen frå Osterøya for den mest avanserte og varigaste av dei bar- og risvegger han kjende til, i heile verda. Brakakledningen vår er soleis eit vesentleg tilskot til verdsbyggningsarven. Det minkar fort på gamle hus med brakakledning. På Revheim, der eg kjem frå, var det for 100 år sidan mest 40 brakkakledde hus, no står det berre 6 att. Tre av husa er frå 1800-talet, dei andre frå 1909 – 25. Berre eit av dei er sett i slik stand at det kan rekna med å stå i 100 år til. Av mange 100 brakkakledde hus på Osterøy kring 1900, er vel 20 restaurert. Resten står til forfall, eller er vekke. I tillegg kjem Osterøy museum og Havråtunet sine hus. Teodorløa hadde mest 70 kvm brakakledning, det vil vera stort å få den med i samlinga. Brakakledning er arbeidskrevjande, det trengst mest 200 brakabusker til kvar kvm. Brakabuskene skal hentast, lagast til og tredast. Det skal vera god brake, og lett henting, om ein skal kledda meir enn 1 kvm dagleg. Arbeidet er tungt og langvarigt, ein får ilt i viljen av det.

Floren.

Teodor Mjelstad hadde mjølkekyr lenge, på det siste berre ungdyr. Einar Håland reiv ut mesteparten av båasane, og inreidde for smaler. No er det ikkje husdyr på bruket.

Revheim 17.11.2019.

Rune Revheim.